


Aktuelle saksutgreiingar til årsmøtet UAP 2025:

UAP - 06/25: Sal av eigedom Gnr.62/Bnr. 135

Ullensvang AP eig ei lita tomt (ca. 33 m²) ved Murboligen i Odda (sjå bilete under).

Styret kan ikkje sjå at tomta har noko bruksverdi for UAp, og ein bør soleis vurdere å selje denne. Styret for borettslaget i Murboligen v/Adv. Nondal har vist interesse. Det same gjorde eigarane av næringsbygget nord for tomta (tidlegare Glass og Lås).

Styret har med bakgrunn i dette tilbydd tomta til sals for kr 500 per m², med vilkår om at kostnader med tinglysing, oppmåling/kartforetning o.l. skal dekkast av kjøpar. Salget må vidare endeleg godkjennast av årsmøtet i Ullensvang AP.



Framlegg til vedtak:

Årsmøtet i Ullensvang AP vedtek å gje styret fullmakt til å selja Gnr.62, Bnr. 135.

UAP - 07/25: Sal av aksjer i BA

Ullensvang AP eigde 9 aksjer i BA. Dette er aksjer som opprinneleg tilhørde Arbeidarpartiet i Jondal og Ullensvang Herad. Lokalparti har aldri nytta seg av "fordelane" med å eige aksjer, og styret vurderer dei soleis til å ha liten verdi for Ullensvang AP.

Styret fekk eit tilbod på kr 288 for å selje desse aksjene til Amedia. Tilbodet var basert på den salgsprisen Sparebanken Vest og Trond Mohn (Meteva) nylig selde sine aksjer for.

Då aksjene ikkje hadde noko samla verdi av betydning, har styret valgt å selje desse 9 aksjene til Amedia.

Framlegg til vedtak:

Årsmøtet i Ullensvang AP tek informasjonen til vitande.

UAP - 08/25: Sparing i fond

Ullensvang AP har rett i underkant av ein million kroner på sparekonto. Det er kome innspel på tidlegare årsmøter om å setje ein del av desse pengene på fond, og på den måten auke avkastninga på dei.

Styret i Ullensvang AP har i 2024 diskutert dette, og vurdere dette til å vere eit godt forslag.

Framlegg til vedtak:

Ullensvang Arbeidarparti får fullmakt til å plassere inntil kr 500 000 i fondsparing i løpet av 2025.

UAP - 09/25: Endringar av vedtekter

Styret visar til dokumentet med vedleggene i sin heilheit. I dokumentet visar svart tekst dei gjeldande vedtektene. Raud og blå farge visar framlegget til nye vedtekter.

Framlegg til vedtak:

Ullensvang Arbeidarparti vedtar framlegget til nye vedtekter med dei endringar som framkjem i årsmøtet. Endringane vert vedtatt med forbehold om godkjenning av Vestland AP.

UAP - 10/25: Innkomne forslag:

Sjå forslaga i sin heilheit i eige vedlegg.

- **Forslag: En forsterket arbeidslinje — flere i jobb og færre på trygd**
 - Forslagsstillar: Bjørn Vivelid
 - Innstilling frå styret: Forslaget vert oversendt årsmøtet i Vestland AP

- **Forslag: Ta bort MVA på strøm i Sør-Norge også.**
 - Forslagsstillar: Trygve Bolstad
 - Innstilling frå styret: Forslaget vert oversendt årsmøtet i Vestland AP

- **Forslag: Tildelingskriteriene for kommunenes refusjonsordning for tjenesteyting til ressurskrevende mottakere må endres.**
Et av tildelingskriteriene for at kommuner skal kunne søke om delvis refusjon av lønn knyttet til ressurskrevende tjenestemottakere er at tjenestemottaker er mellom 16 og 67 år. Denne øvre aldersgrensa må økes.
 - Forslagsstillar: Marit Jensen Måkestad
 - Innstilling frå styret: Forslaget vert oversendt årsmøtet i Vestland AP

- **Forslag: Liv, helse og rassikring må vere viktige omsyn når ein prioriterer vegprosjekter. Me vil arbeide for ein forpliktane nasjonal plan, over 12 år, for rassikring av fylkes- og riksvegar.**
 - Forslagsstillar: Tor Helge Haara Tjemsland
 - Innstilling frå styret: Forslaget vert oversendt årsmøtet i Vestland AP

- **Forslag: Det må kome ein opptrappingsplan for flaumsikring med prioritering av prosjekt.**
 - Forslagsstillar: Tor Helge Haara Tjemsland
 - Innstilling frå styret: Forslaget vert oversendt årsmøtet i Vestland AP

- **Forslag: Kommunane bør få dekt utgifter til fleire barnehageinntak årleg.**
 - Forslagsstillar: Solfrid Horne-Moe
 - Innstilling frå styret: Forslaget vert oversendt årsmøtet i Vestland AP

- **Forslag: Det bør innførast eit garantert minimumsgrunnlag for fødselspengar (foreldrepengar) på minst 3,5 G (f.t 434.000 kr).**
 - Forslagsstillar: Marit Jensen Måkestad
 - Innstilling frå styret: Forslaget vert oversendt årsmøtet i Vestland AP

UAP - 11/25: Vedtektsfesta val

Styret:

Forslag frå valnemnd vert ettersendt.

Revisorar:

Ikkje på val

Val av valnemnd:

Styret i Ullensvang AP er ansvarleg for å fremje eit forslag til valnemnd.

I 2024 har valnemnda vore:

<i>Emil Tomasgard (Leiar)</i>	<i>Valgt i 2020</i>
<i>Amanda Forstrøm</i>	<i>Valgt i 2022</i>
<i>Lasse Tverdal</i>	<i>Valgt i 2022</i>
<i>Svein Myrheim</i>	<i>Valgt i 2023</i>
<i>Nina Haug</i>	<i>Valgt i 2019</i>
<i>Trond Instebo</i>	<i>Valgt i 2024</i>

Det har vore noko uklart kva funksjonstida til ein representant i valkomiteen er. Styret forslår difor no å forsøkje å "fase inn" ein praksis kor medlemmene sitt i tre år, medan ein strebar etter å ta omsyn til kjønnsfordeling og geografisk spreiding av medlemmane. Ein lyt dermed framover velje to nye representantar til valnemnda årleg.

Framlegg til vedtak:

Årsmøtet i Ullensvang Ap vel følgjande valnemnd:

<u>Rolle:</u>	<u>Namn:</u>	<u>Funksjonstid:</u>
<i>Leiar</i>	<i>Lasse Tverdal</i>	<i>t.o.m. årsmøtet i 2027</i>
<i>Medlem</i>	<i>Trond Instebo</i>	<i>t.o.m. årsmøtet i 2027</i>
<i>Medlem</i>	<i>Svein Myrheim</i>	<i>t.o.m. årsmøtet i 2026</i>
<i>Medlem</i>	<i>Kjellaug Hoås Samland</i>	<i>t.o.m. årsmøtet i 2028</i>
<i>Medlem</i>	<i>Kristin Elisabet Horne Moe</i>	<i>t.o.m. årsmøtet i 2028</i>
<i>Medlem</i>	<i>Nina Haug</i>	<i>t.o.m. årsmøtet i 2026</i>

UAP - 12/25: Val av delegatar til fylkesårsmøtet og representantskapet

Ved val gjeld følgjande:

§13 Alminnelige bestemmelser: Punkt 10. Ved alle val, nominasjoner og oppnevninger skal begge kjønn vere representert med 50 prosent.

Delegatar til fylkesårsmøtet i Vestland AP:

Ullensvang Arbeidarparti får sende seks delegatar til årsmøtet i fylkespartiet. Årsmøte i Vestland Arbeidarparti blir avholdt i Bergen lørdag 1. og 2. mars 2025 på Grand Hotel Terminus.

Årsmøte har totalt 150 utsendinger frå kommunepartia, AUF i Vestland møter med ni representanter i tillegg. Fylkespartiet sitt styre deltar på årsmøtet med tale- og forslagsrett. Talet på utsendinger frå kvart kommuneparti vert rekna ut frå medlemstallet 31.12.2024. Dette er årsaka til at UAP har ein delegat meir både til årsmøtet og representantskapet.

Vara vert vald i rekkje. Vararepresentanten må veljast slik at kjønnsfordelinga er lik. Det vert difor sett opp ei varaliste for menn og ei for kvinner.

Framlegg til vedtak:

Årsmøtet i Ullensvang AP vel følgjande delegatar til fylkesårsmøtet:

1. Leiar
2. Nestleiar
3. Vidar Solvi
4. Marit Jensen Måkestad
5. Amund Velure
6. Anette Torvund

Vara i rekkje:

- | | |
|-----------------------------|-----------------------|
| 1. Eirunn Lothe Midtun | 1. Olav Magnus Hammer |
| 2. Solfrid Horne-Moe | 2. Trygve Bolstad |
| 3. | 3. Toralv Mikkelsen |
| 4. | 4. |
| 5. Isabel Gundersen Løyning | 5. Roald Aga Haug |

Delegatar til representantskapsmøtene i Vestland AP:

Ullensvang Arbeidarparti har fire delegatar til representantskapsmøtene.

Vara vert vald i rekkje. Vararepresentanten må veljast slik at kjønnsfordelinga er lik. Det vert difor sett opp ei varaliste for menn og ei for kvinner.

Framlegg til vedtak:

Årsmøtet i Ullensvang AP vel følgjande delegatar til representantskapet:

1. Leiar
2. Nestleiar
3. Vidar Solvi
4. Anette Torvund

Vara i rekkje.

- | | |
|-----------------------------|-----------------------|
| 1. Marit Jensen Måkestad | 1. Amund Velure |
| 2. Solfrid Horne-Moe | 2. Olav Magnus Hammer |
| 3. Eirunn Lothe Midtun | 3. Toralv Mikkelsen |
| 4. | 4. Trygve Bolstad |
| 5. Isabel Gundersen Løyning | 5. Roald Aga Haug |

UAP - 13/25: Val av kandidat til styret i Vestland Arbeidarparti

Noverande leiar i Vestland AP tar ikkje gjenval i 2025. Styret i Ullensvang AP føreslår difor Roald Aga Haug som ny leiar.

Framlegg til vedtak:

Årsmøtet i Ullensvang AP innstiller Roald Aga Haug som leiar i Vestland AP. Styret i Ullensvang AP får fullmakt til å støtte ein eventuell kvinneleg kandidat frå regionen Hardanger/Voss.